

Årsmøte i Nordfjord Golfklubb for sesongen 2010

Årsmøtet vart halde på Stokkenes Gjestegard fredag 28.01.2011 frå klokka 1900 til 2000
Det var omlag 20 framkomne. Frå styret møtte Tøger Lien, Bodil Rasmussen, Bjørn Lien, Helge
Haugland, Agnar Kvalsund og grunneigar Svein Fjørtoft. Årsmøtedeltakarane vart ynskte
velkommen av styreformann Tøger Lien.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar, referent og to medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett
5. Regulering av kontingent, greenfee, årskort og baneandelar
6. Endring av vedtekter
7. Val av leiar
8. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitèmedlemar
9. Eventuelt.

Protokoll for Nordfjord Golfklubb

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var annonsert i Fjordabladet, men litt for seint i høve til vedtektene.
Dette vart akseptert av årsmøtet. I tillegg vart innkallinga lagt ut på golfklubben sine nettsider.

Vedtak: Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend

2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.

Vedtak: Årsmøtet valde samrøystes:

Møteleiar: Kent Tryggestad
Referent: Bjørn Lien
Protokollunderskriving: Jan Skogstad og Per Bøen

3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart lest opp av sekretæren.

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes godkjend

4. Rekneskap og budsjett.

Helge Haugland presenterte rekneskapet for sesongen 2010 og budsjett for sesongen
2011.

Vedtak: Rekneskapen for 2010 og budsjettet for sesongen 2011 vart samrøystes
godkjend av årsmøtet.

5. Regulering av kontingent, greenfee, årskort og baneandelar.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes desse nye satsane:

Barn under 12 år: Gratis

Junior til og med året ein fyller 18: kr. 500,-

Vaksen: kr. 950,-

Par: kr. 1900,-

6. Endring av vedtekter.

Denne saka kom opp av di styret ikkje var i stand til å finne dei originale vedtektene. Nye vedtekter må difor vedtakast, men desse bygger i store trekk på utkastet til dei gamle, med visse oppjusteringar. Dei nye vedtektene vart delte ut til dei frammøtte. Vedtak: Årsmøtet gav det nye styret fullmakt til å godkjenne vedtektene på sitt fyrste styremøte, om det ikkje har kome merknader innan den tid.

7. Val av leiar.

Tøger Lien vart samrøystes valt til leiar.

8. Val av styremedlema, varamedlemar og komiteemedlemar.

Arild Hjelmeland og Thomas Storøy utgjorde valnemnda. Dei har gjort eit godt arbeid. Etter drøftingar med styret var valnemnda si innstilling at:

- Styret vert redusert til 5 personar i tillegg til to grunneigarar.
- Redusert tal komitear.
- Nestleiar skal ha mest fokus på sportskomiteen.
- Marknadsansvarleg skal arbeide tett med resten av styret og resten av dei lokale medlemane etter behov.
- Når det gjeld val for representantar til valnemnda er det **styret** som har innstillinga.

Vedtak: Følgjande valprotokoll vart samrøystes godkjend av årsmøtet:

Valprotokoll for sesongen 2011

Gruppe	Verv	2011	På val
Styre	Leiar	Tøger Lien	2012
	Nestleiar	Bodil Rasmussen	2012
	Sekretær	Arild Hjelmeland	2013
	Kasserar	Joar Sæten	2013
	Marknadsansvarleg	Jan Skogstad	2013
	Vara	Roar Halkjelsvik	2012
	Grunneigar	Svein Fjørtoft	-
	Grunneigar	Gitta ter Stege	-
	HCP-kontaktperson	Leiar	Kent Roger Tryggestad

Banekomitè		Tore Naustdal Per Bøen Dagfinn Gjerde Elias Nes Sven Weum Svein Fjørtoft Gitta ter Stege	2012 2013 2012 2012 2012 - -
Sportskomitè	Leiar	Joar Sæten	2012 2011 2011 2011
Rekruttering-opplæring Veien til golf m.m.	Leiar	Bjørn Lien Agnar Kvalsund Linn-Beathe Leivdal Rye Thomas Storøy	2013 2013 2012 2012
Medlem i Idrettsrådet, Eid kommune	Leiar Vara	Arild Hjelmeland Torill Fjørtoft	2012 2012
Skulekontakt	Leiar	Peder Felde	2012
Valnemnd	Leiar	Arild Hjelmeland Thomas Storøy	2013 2012


9. Eventuelt:

Tore stilte spørsmål ved finansiering av maskiner og utstyr.
Det vart avklart at ein del av sponsormidlane som vil kome inn var øyremerka til øvingsgreen.

Nordfjordeid, 03/02 -2011

Nordfjordeid 03/02 -2011


.....
Jan/Skogstad


.....
Per Bergheim